

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
129/15	Formannskapet	PS	23.09.2015
087/15	Kommunestyret	PS	21.10.2015

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Frode Hervik	FE - 600	15/134

Ny kunst- og kulturattraksjon i kommunesentrum - Prinsippavklaring

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune er positive til flytting av Straume skule og Austrheim gamle skule til kommunesentrum.

Det vert arbeidd med oppretting av ei stifting som står som eigar av bygga. Austrheim kommune, Kystlandsbyen, Kunsthuset Austrheim og Austrheim kyst- og sogelag vert med/får tilbod om å vere med i stiftinga.

Formannskapet - 129/15

FS - behandling:

Reidar Øksnes deltok ikkje under handsaming av denne saka.

Framlegg frå Ernst Stellberg:

Saka vert utsett.

Framlegget fekk 1 røyst(ernst Stellberg) mot 3 røyster og fell.

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 3 mot 1 røyst(Ernst Stellberg).

FS - vedtak:

Austrheim kommune er positive til flytting av Straume skule og Austrheim gamle skule til kommunesentrum.

Det vert arbeidd med oppretting av ei stifting som står som eigar av bygga. Austrheim kommune,

Kystlandsbyen, Kunsthuset Austrheim og Austrheim kyst- og sogelag vert med/får tilbod om å vere med i stiftinga.

Kommunestyret - 087/15

KS - behandling:

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteke med 13 røyster mot 4 røyster.(Solveig Hopen, Ernst Stellberg, Nils Ove Vassdal og Morten Sognnes)

KS - vedtak:

Austrheim kommune er positive til flytting av Straume skule og Austrheim gamle skule til kommunesentrum.

Det vert arbeidd med oppretting av ei stifting som står som eigar av bygga. Austrheim kommune, Kystlandsbyen, Kunsthuset Austrheim og Austrheim kyst- og sogelag vert med/får tilbod om å vere med i stiftinga.

Saksopplysninger:

Kystlandsbyen AS og rådmannen ynskjer å flytte Straume skule og Austrheim gamle skule Kystlandsbyen si tomt bortanføre barnehagen. Kystlandsbyen gjennomfører arbeidet med å flytte bygga og setje dei i stand kostnadsfritt. Det vert oppretta ei stifting som skal forvalte bygga vidare med ansvar for drift og vedlikehald. I stiftinga skal Kystlandsbyen, Austrheim kommune, Kunsthuset Austrheim og Austrheim Kyst- og sogelag vere med. Denne løysinga opnar opp for sal av det gamle kommunehuset.

Kystlandsbyen har i dialog med Austrheim kommune kome fram til ei plassering på området S3 og Fr1 i reguleringsplanen mellom parkeringsplassen og vegen inn mot Kystlandsbyen, bortanføre barnehagen. Det vert søkt om dispensasjon frå reguleringsplanen for å kunne plassere bygga der.

I følgje delegasjon frå rådmannen (§3-28) har kulturleiar i Austrheim kommune delegert mynde til å følgje opp den delen av Lov om kulturminner som ikkje er forvalta av Hordaland fylkeskommune og riksantikvaren. Tiltak som vedkjem SEFRAK-registeret når det gjeld bygningar oppført etter 1850, kan kommunen gjere ei vurdering knytt til ei lokal kulturhistorisk interesse.

Når det gjeld Straume skule, har Radøy kommune ferdighandsama tiltaket, og alt ligg såleis til rette for flytting av bygget frå deira side og grunneigar si side. Når det gjeld Austrheim gamle skule vart det gjort ei vurdering av kulturverntenesta i Nordhordland. Det vart då konkludert med at Austrheim

gamle skule utelukkande har ein lokal kulturhistorisk verdi.

Straume skule vart oppført på Austrheim i 1862/63, og vart flytta derifrå til Straume i 1905. Huset var opprinneleg kjøpt og flytta frå Masfjorden, slik at det har ein betydeleg alder, mest truleg frå 1700-talet. Bygget er mellom dei eldste skulebygga i Nordhordland, kanskje det eldste. Austrheim gamle skule vart oppført i 1906, og inneheld i dag ei lita skulehistorisk samling.

Bakgrunn

Radøy kommune fekk tidlegare i år inn søknad om riving av Straume skule, som var det første skulebygget i Austrheim før det vart flytta. Ein tidlegare plan om å flytte bygget tilbake til Austrheim vart då vekt til live. Kystlandsbyen AS kom med eit initiativ ovanfor Austrheim kommune om flytting av bygget til Kystlandsbyen. Dette resulterte i ein prosess, der også ein ide om å flytte gamle Austrheim skule til Kystlandsbyen vart lansert. No ynskjer Kystlandsbyen også å flytte denne.

Vurdering

Vurdering av kulturminneomsyn når det gjeld Straume skule er teke av Radøy kommune, som tilrår flytting. Dette fordi det ikkje let seg gjere å ta vare på bygget der det står. Det same er tilfelle for Austrheim gamle skule. I mange år har det vore gjort forsøk på å få frivillige til å ta over drifta av skulen, men det har ikkje lukkast. Det er samla inn om lag 70.000 som står på eit fond til bevaring av skulebygget. Når det ikkje let seg gjere å ta vare på bygget der det står, kan ei flytting vere ei god løysing for å sikre at bygget vert teke vare på for framtidige generasjonar, samstundes som det også vert lagt til rette for at det skal vere tilgjengeleg for ålmenta.

Austrheim gamle skule og Straume skule plassert i kommunesentrum vil vere ein attraksjon i seg sjølv, men det er samstundes viktig å fylle bygga med innhald. Kunsthuset Austrheim har ikkje gode lokale i det gamle kommunehuset, og det ligg litt for langt vekke frå sentrumskjernen ideelt sett. Dersom det gamle kommunehuset skal rustast opp til ein moderne standard, vil det verte eit svært kostbart prosjekt som kommunen ikkje kan prioritere, og som Kusthuset ikkje vil ha høve til på eiga hand.

Ei betre og meir langsiktig løysing vil vere å flytte Kunsthuset til dei gamle skulebygga i sentrumskjernen. Der vil ein også ha plass til ei skulesamling forvalta av Austrheim kyst- og sogelag. Det er i dag ei skulesamling på gamle Austrheim skule, som kan verte betre tilgjengeleg og tilrettelagt for folk i ei ny løysing.

Når Kystlandsbyen tek kostnadane med flyttinga og istandsetting av skulebygga, er det samfunnsentreprenørskap i ypparste klasse. Prosjektet er i seg sjølv så pass spenstig at det vil kunne gi ein del profilering av Austrheim. Verdien av den innsatsen som Kystlandsbyen legg ned i dette, samt at dei stiller tomt til rådvelde, er høg, og utan deira engasjement hadde ikkje dette vore gjennomførbart.

Skulebygga er planlagt flytta i heilo når det gjeld Straume skule og delvis i heilo når det gjeld Austrheim gamle skule. For å få dette til, vil ein vere heilt nøydd til å ha eit godt samarbeid med BKK

med tanke på linjenettet, som må midlertidig takast ned der det kryssar vegen. Vonaleg vil ein positiv dialog med dei føre til ein avtale om dette.

Verken Kystlandsbyen eller Austrheim kommune ynskjer å stå som eigar av bygningsmassen. Samstundes er det ynskje frå både Kystlandsbyen og Austrheim kommune ved rådmannen å vere deltakande partar. Oppretting av ei stifting er såleis den mest nærliggjande modellen for å sikre drift og vedlikehald av bygningane. Det er nærliggjande også å ta med Kunsthuset Austrheim og Kyst- og sogelaget som partar i ei stifting.

Tilaket har ingen negative verknader for folkehelse og miljø. Kanskje er det snarare positivt, fordi det legg opp til meir liv og rørsle i sentrum. Når det gjeld økonomi, er det slik at Kystlandsbyen tek kostnadane med flytting og istandsetting av bygga. Når det gjeld vidare drift og vedlikehald, vert det eit ansvar for ei nyoppretta stifting. Detaljane kring denne må avklarast nærare, men det er uaktuelt for kommunen å påta seg høgare nettokostnader enn i dag knytt til Kunsthuset. For kommunen sin del ligg det i denne løysinga også ein gyllen moglegheit til å kapitalfrigjere, ved å selje det gamle kommunehuset på det opne markedet. Dette kan gi inntekter inn frå eit eventuelt sal, samstundes som Austrheim kommune vert kvitt eit bygg med mange spørsmålstegn.

Konklusjon

Dei gamle skulane, Straume skule, inkludert uthuset, og Austrheim gamle skule, vert flytta til Kystlandsbyen på tomte S3 og Fr1 i reguleringsplanen med atterhald om godkjenning av dispensasjon frå reguleringsplanen. Det vert arbeidd for oppretting ei stifting ned ansvar for drift og vedlikehald av bygningane. Eit kommunalt engasjement i denne vert å kome attende til